

Vil ta attende kontroll over kraftmarknaden

Elektrisk straum er eit fellesgode, basert på norske naturressursar, som alle skal ha tilgang til. Dei høge straumprisane vi har opplevd siste halvåret er både ei akutt krise og ei langsiktig krise, som starta med frisleppet av energimarknaden i 1991. Det er marknadskreftene som har herja med folk i vinter. Sjølv Eivind Reiten, «far» til energilova, meiner no at bremsane må setjast på.

SV arbeider på Stortinget for at krisetiltaka skal bli så gode som råd, og at dei skal treffe dei som treng det mest. Samstundes vedtok landsstyret nyleg å krevje forhandlingar med regjeringa om heile straumsystemet. Marknadsstyringa gjer at straumprisen blir uføreseieleg og uforståeleg. Vi vil ta attende politisk kontroll over straummarknaden, for å sikre folk og næringsliv varige, overkomelege og føreseielege prisar på denne nødvendige basisvara.

Samstundes er energi eit knapt gode som må forvaltast fornuftig, ikkje minst av omsyn til natur og klima. Vi må nå klimamåla, vi må spare straum, og prisane må vere rimelege både for folk og næringsliv. Vi vil greie ut eit toprissystem som sikrar trygg og rimeleg kraft til vanleg forbruk i hushaldningar, landbruk og industri, medan luksusforbruk bør koste meir.

Offentleg eigarskap til vasskrafta må forsvarast, og alle forsøk på privatisering avvisast. Vi går også imot nye utanlandskablar, vi vil reforhandle avtalar med EU og Storbritannia og er imot norsk deltaking i EUs energiunion og EUs energibyrå ACER.

Møre og Romsdal SV

Sendast til lokalavisene i fylket